



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 20.03.2015
Vår ref.: 2014/10571-22
Saksbehandlar: Kjetil Sigvaldsen
Dykkar ref.: «REF»

Oppfølgingsbrev - Søknad 2015-2018: belønningsordninga for betre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområda

Det vert vist til videomøte med Samferdselsdepartementet torsdag 12.mars 2015, og avtalt tilbakemelding på spørsmål som omtalt vidare i dette brevet.

Tidsdifferensierte satsar i bompengeringen i Bergen

I søknaden for ny belønningsavtale 2015-2018 kjem det fram at bystyret i Bergen har fatta eit prinsippvedtak om å utgreie tidsdifferensierte bompengesatsar i bompengeringen i Bergen. Bystyret i Bergen og fylkestinget i Hordaland har nå gått inn for å tidsdifferensiere bompengetakstane i bomringen i Bergen, med sikte på oppstart seinast 1. januar 2016. Det er gjort følgjande vedtak:

Vedtak i Bergen bystyre - 18.2.2015:

1. *Bompengordningen i Bergen opprettholdes i tråd med Prop. 143 S (2012-2013), med unntak av at det innføres tidsdifferensierte bompengetakster.*
2. *I rushtiden mandag-fredag kl 06:30 - 09:00 og 14:30 - 16:30 fastsettes taksten til 45 kroner for liten bil og 90 kroner for stor bil. Utenom rushtiden fastsettes taksten til 19 kroner for liten bil og 38 kroner for stor bil (2015-kroner).*
3. *Bergen bystyre og Hordaland fylkesting må få fullmakt til å foreta nødvendige justeringer i bompengetakstene eller periodene med tidsdifferensiering, dersom den nye ordningen medfører vesentlige avvik fra inntektsmålet i Prop. 143 S (2012-2013). Lokale fullmakter må fastsettes i stortingsproposisjonen om tidsdifferensierte bompengetakster.*
4. *Bergen kommune vil være i dialog med Hordaland fylkeskommune om å finne løsninger dersom det blir behov for å styrke kollektivtransporttilbudet som en følge av tidsdifferensierte bompengetakster.*
5. *Byrådet vil legge fram egen sak om økte bompengetakster på dager med høy luftforurensing, jf. bystyrets vedtak 26. januar 2015.*
6. *Ordningen med tidsdifferensierte bompenger evalueres etter ett år.*
7. *Dersom evaluering viser at ordningen ikke gir forventet trafikkreduksjon i rushtiden, skal nødvendige endringer foretas. I arbeidet med eventuelle endringer av ordningen, ber bystyret om at også andre modeller for tidsdifferensierte bompenger vurderes, herunder den langsiktige modellen som fremgår i rapporten «Køprising i Bergensområdet? Hovedresultater, konklusjoner og anbefalinger» fra Urbanet Analyse, 2009, samt miljødifferensierte modeller.*
8. *Bystyret ber byrådet arbeide for at det i forhandlingene om den nye bymiljøavtalen kan åpnes for at bompenginntekter kan brukes også til drift av kollektivtrafikk, dersom bymiljøavtalene innrettes slik at dette er hensiktsmessig.*

Vedtak i fylkestinget i Hordaland - 10.3.2015:

1. Fylkestinget går inn for å tidsdifferensiere bompengetakstane i bomringen i Bergen, med sikte på oppstart seinast 1. januar 2016. Bompengordninga i Bergen held elles fram som før, i samsvar med Prop. 143 S(2012-2013).
2. I rushtida måndag-fredag kl. 06.30-09.00 og 14.30-16.30 vert taksten fastsett til kr. 45 for liten bil og kr. 90 for stor bil. Utanom rushtida vert taksten fastsett til kr. 19 for liten bil og kr. 38 for stor bil (2015 kroner).
3. Bystyret i Bergen og fylkestinget i Hordaland må få fullmakt til å gjere naudsynte justeringar i bompengetakstane eller periodane med tidsdifferensiering, om den nye ordninga medfører vesentlege avvik frå inntektsmålet i Prop. 143 S (2012-2013). Lokale fullmakter må fastsetjast i stortingsproposisjonen om tidsdifferensierte bompengetakstar.
4. Tidsdifferensieringa gjer det truleg naudsynt å auke kapasiteten for kollektivtrafikken i Bergen. Fylkestinget legg opp til at belønningsmidlane, som det no er søkt om, i første omgang kan nyttast til å finansiera ein slik kapasitetsauke. Vidare vil fylkestinget søkje nødvendig finansiering av auka kollektivtransporttilbod i den komande bymiljøavtalen, ved statleg tilskott eller eventuelt gjennom å revidere bompengavtalen i Bergen. Fylkestinget ber fylkesrådmannen leggje fram sak om auka kollektivtilbod og finansiering, for handsaming i fylkestinget juni 2015.
5. Ordninga med tidsdifferensierte bompengar skal evaluerast etter eitt år.
6. I arbeidet med eventuelle endringar for å nå måla, må andre modellar for tidsdifferensierte bompengar vurderast, herunder den langsiktige modellen i rapporten "Køprising i Bergensområdet? Hovedresultater, konklusjoner og anbefalinger" frå Urbanet Analyse (2009), samt miljødifferensierte modellar.

I arbeidet med å vurdere tidsdifferensierte satsar i bompengeringen i Bergen, viser tabellen under berekna trafikkavvisningseffekt:

	effekter
Totalt over døgnet	0-3 %
Morgenrush	5-9 %
Ettermiddagsrush	3-7 %

Med innføring av tidsdifferensierte satsar i bompengeringen i Bergen vil det vere mogleg å oppnå effektmålet for heile byområdet i den omsøkte perioden for belønningsmidlar.

Parkering

Eit av tiltaka for å redusere privatbilismen er ein aktiv parkeringspolitikk jf. søknad. Utover det som står i søknaden er avgiftstida for gateparkering i Bergen sentrum utvida til klokka 23.00 alle dagar bortsett frå søndagar og heilagdagar. Samtidig er parkeringsavgifta auka med 10 prosent. Dette trådde i kraft frå måndag 2. mars 2015.

Dette tiltaket vil gjere bilbruk i Bergen sentrum mindre attraktivt og vil bidra til å redusere personbiltrafikken i større delar av døgnet.

Målepunkt

Følgjande effektmål, i samsvar med retningslinene for belønningsordninga, er lagt til grunn for søknaden: nullvekst i personbiltransporten i Bergen kommune i perioden 2015-2018. Vegtrafikken vil bli målt gjennom bruk av strategisk plasserte målepunktar for etablering av ein trafikkindeks.

Hordaland fylkeskommune har vore i kontakt med Statens vegvesen for å innhente status for etablering av vegtrafikkindeks. Dei opplyser at 90 prosent av målepunkta var ferdig etablert i referanseåret 2014. Det vil altså vere mogleg å samanlikne 90 prosent av målepunkta frå utgangen av år 2014 med utgangen av år 2015.

I tillegg vil det bli rapportert på passeringar i bompengeringen det første året i avtaleperioden.

Dersom det skulle vere behov for ytterlegare opplysningar ver venleg å ta direkte kontakt med rådgjevar Kjetil Sigvaldsen på telefonnummer 55 23 90 75.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Kjetil Sigvaldsen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.